

---

**Saknr:** 2020/46211-1  
**Saksbehandlar** Frode Hovland  
**Dato:** 30.03.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## FAKS, fylkeskommunenes akvakultursamarbeid

### Bakgrunn:

I samband med regionreforma vil fylkeskommunane stadig oftare bli utfordra på samhandling, særleg i kommunikasjonen med statlege styresmakter. Det er ei utfordring å balansere regionale, sjølvstendige politiske prioriteringar med felles standpunkt i viktige nasjonale saker der fylkeskommunen spelar ei rolle. FAKS er eit vellukka døme på at det er mogleg å få til.

Fylkeskommunane fekk i 2010 tildelingsmynde etter akvakulturlova. I samband med forvaltningsreforma vart det overført fagkompetanse frå Fiskeridirektoratet til fylkeskommunane, og akvakulturfagmiljøet i fylkeskommunane har sidan 2010 tileigna seg spesialkompetanse i forvaltning, kystsoneplanlegging og utvikling av marin sektor.

Våren 2015 gjennomførte fylkeskommunane forprosjektet *Fylkeskommunenes Akvakultursamarbeid -FAKS*. Der blei det kartlagt fleire tiltak som ville kunne styrke kunnskapsutvekslinga og samordninga mellom fylkeskommunane, og forprosjektet konkluderte med at det burde etablerast eit prosjekt som følgde opp tiltaka.

Prosjektet *Koordinering av fylkeskommunenes Akvakultursamarbeid (FAKS)* blei starta opp 01.01.2016 og gjekk første gang perioden 2016- 2017. Sluttrapport blei handsama av styringsgruppa 31.01.18 (sak 02-2018/ 15-09794 NTFK).

Det har vore brei semje i styringsgruppa og i FAKS-fagmiljøet om at samarbeidet også skulle videreførast for perioden 2018- 2019. Det ble utarbeidd eit arbeidsprogram med tilknytt stillingsressurs på 50%. Arbeidsprogrammet vart vedteke av styringsgruppa 22.03.18. Kvar fylkeskommune som har delteke i samarbeidet har betalt ein medlemskontigent på 100 000 kr pr år.

Grunnlaget for å velje perioden 2018- 2019 var bla. Regionreforma. I perioden 2018- 2019 kom det fleire avklaringar gjennom regionreforma *Meld. St. 22 (2015- 2016) - Nye folkevalgte regioner- rolle, struktur og oppgaver* (05.04.16), Rapport fra ekspertutvalg «*Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene*» (05.02.18) og *Meld. St. 6 (2018- 2019) - Oppgaver til nye regioner* (19.10.18). Vidare fekk fylkeskommunane overført mynde frå Nærings- og fiskeridepartementet til å behandle vannlevande plantar etter Akvakulturlova frå 01.06.19, og slik styrka rolla innan forvaltninga i perioden.

Fylkeskommunene Sør-, og nord Trøndelag blei slått saman frå 2018, og frå 2020 har Sogn- og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar blitt Vestland fylkeskommune, Troms fylkeskommune og Finnmark fylkeskommune har blitt Troms og Finnmark fylkeskommune, og Aust- Agder fylkeskommune og Vest- Agder fylkeskommune har blitt Agder fylkeskommune og kjem inn i samarbeidet frå 2020. Med Nordland, Møre og Romsdal, og Rogaland, er der no sju samarbeidande fylke.

Styringsgruppa har ein representant frå kvart fylke, og er i 2020 leia av Jan Heggheim frå Vestland fylkeskommune.

I løpet prosjektperioden er det utarbeidd nytt arbeidsprogram for samarbeidet ved å endre samarbeidet frå eit to- årig prosjekt til eit ti- årig program kalt program FAKS 2030. Dette vart vedteke av styringsgruppa i Oslo den 31.10.19.

Det blei samtidig vedteke at det skulle lysast ut to stillingsressursar, kvar på 50% (ei dobling av dagens kapasitet), samtidig som det skulle lysast ut ein stillingsressurs på 50% på kystplanprosjekt (pilot) i 2020. Styringsgruppa tilsette to personar i 50% stilling i møte 20. mars 2020. Dette er Jarle Bratbak-Pedersen frå Troms og Finnmark, og Rebekka Varne frå Møre og Romsdal. Dei er formelt tilsett i eigen fylkeskommune. Total årleg belastning er med dette om lag 230 000 kr

Som det går fram under er arealplanlegging eit viktig arbeidsområde. Det er formulert eit to-årig prosjekt med eigen prosjektleiar. Tilsetting av prosjektleiar er sett på vent til vi får oversikt over konsekvensane av koronaepidemien.

Samarbeidet er styrka fra 2020, blitt meir langsiktig, og fått vedteke auka ressursar i tråd med behova og utviklinga i næringa.

Arbeidsområde og resultat:

*«Styrke og utvikle fylkeskommunenes samordning og kompetanse innenfor arealplanlegging i sjøområdene og sette dette i tydeligere sammenheng med oppgavene som tildelingsmyndighet og innsigelsesmyndighet for akvakultur»*

Arbeidsmåla er kunnskap om arealplanlegging i sjø og fylkeskommunal kompetanse i samband med kommunale arealplanprosessar. Det eksisterer ei plangruppe med høg møtefrekvens. Det er lansert eit pilotprosjekt over to år med 50% stillingsressurs.

Koordineringsaktivitet:

Der er stor møteaktivitet fylke i mellom, følgjande område er handsama:

- Praksis samlokalisering av anlegg, landbaserte anlegg og makroalgar
- Vedtaksbasen, ei oversikt over alle forvaltningsvedtak i landet. Finne beste praksis. Felles rapportering til Fiskeridirektoratet.
- Fellesuttaler til Nærings- og fiskeridepartementet
- Kunnskapsrom for søknader på landbaserte anlegg
- Oversikt over felles praksis med tanke på delegering av vedtaksmynde i fylkeskommunane
- Dokumentasjon av forvaltningspraksis overfor interesseorganisasjonar og enkeltverksemder
- Kontinuerleg kontakt med Sjømat Norge og andre relevante næringsorganisasjonar for å sikre god forvaltning

Vedlikehald av kunnskapsbasen og vedtaksbasen:

Kunnskapsbasen: Malar og prosedyrer i spesielle saker, etablert praksis.

Vedtaksbasen: Oversikt over vedtak frå 2010: 3 500 saker handsama fram til 2018. Alle nyare vedtak (2018/2019) er inne i basen, med ambisjon om å få inn alle vedtak tilbake til 2010.

Fagsamlingar:

FAKS inviterer sakshandsamarane til to fagsamlingar i året

Representasjon:

FAKS representerer fagmiljøet på relevante samlingar og konferansar

Utvikle og halde ved like felles malar

FAKS har tre felles malar som er operative: Laks og ørret, settefisk/landbasert og andre artar/plantar. Desse blir kontinuerleg drøfta og forbetra.